



Samnøy Maskin As
Stormarkvegen 26
5947 Fedje

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/325 - 23/4559

Sakshandsamar:
Merethe Svarstad
merethe.svarstad@fedje.kommune.no

Dato:
07.09.2023

Byggesak GBNR <169/190> <Kræmmerholmen> <Plassering av hytte/mikrohus> Løyve i eitt-trinn

Eigedom: Gnr : 169 Bnr : 190

Adresse: Kremmarholmen, 5947 Fedje

Tiltakshavar: Søsterselskapet AS

Tiltaket: Utleiehytte

1. SØKNADEN OMFATTAR:

Søknad om utleiehytte i samband med næring, søknad i eitt-trinn. Søknaden kom inn til kommunen 07.06.2023. Søknaden var komplett 06.09.2023.

2. VEDTAK

Vedtaket vert gjeve med delegert mynde og med heimel i Plan- og bygningslova § 21-4.

Det vert gjeve løyve til oppføring av utleiehytte ved Gbnr 169/190 i Fedje kommune.

Vilkår for løyvet:

Det må sendast inn innmålingsdata for tiltaket ved ferdigattest.

Sluttdokumentasjon for vatn- og avløp må sendast inn til teknisk etat hjå kommunen før det vert søkt om ferdigattest.

Er tiltaket ikkje igangsett seinast tre år etter løyve er gitt, fell løyvet vekk. Løyve fell òg vekk dersom tiltaket etter igangsetting vert innstilt i lengre tid enn to år (gjeld etter tre års fristen).

Det må søkast om ferdigattest for tiltaket når det er ferdigstilt.

3. GRUNNGJEVING FOR TILTAKET

3.1 Planstatus

Tiltaket fell inn under følgende planar:

Kommuneplan

Kommuneplanens Arealdel 2012-2024, planid: 1265-201201

Føremålet er kombinert byggje- og anleggsføremål.

Tiltaket er i tråd med arealføremålet.

Tiltaket er i tråd med byggegrense mot sjø i arealplanen.

3.2 Nabovarsling

Ansvarleg søker har opplyst om at tiltaket er nabovarsla i samsvar med Plan- og bygningslova § 21-3. Det er ikkje kome merknader til tiltaket.

3.3 Erklæring om ansvarsrett

Tiltaket er tilstrekkeleg ansvarsbelagt. Kommunen legg tiltaksklassen til ansvarleg søker til grunn.

Funksjon	Ansvarsområde	Firma	Tiltaksklasse
Ansvarleg søker		Samnøy maskin AS, 918436235	1
PRO	Arkitektur	Saunders Arkitektur AS, 916943067	1
PRO	Prosjektering av plassering	Samnøy maskin AS, 918436235	1
PRO	Prosjektering av vannforsyning og avløpsanlegg.	Mjeldstad VVS AS, 998012589	1

PRO	Prosjektering av konstruksjonssikkerhet	Saunders Arkitektur AS, 916943067	1
PRO	Prosjektering av sanitærinstallasjoner	Mjeldstad VVS AS, 998012589	1
PRO	Prosjektering av bygningsfysikk	Saunders Arkitektur AS, 916943067	1
PRO	Prosjektering av grunn- og betongarbeid	Samnøy maskin AS, 918436235	1
UTF	Plassering- og innmåling av tiltaket	Samnøy maskin AS, 918436235	1
UTF	Tømrerarbeid. Komplette prefabrierte mikorohus, klar for montering- byggeplass	Saunders Arkitektur AS, 916943067	1
UTF	Utførende grunn- og betongarbeider	Samnøy maskin AS, 918436235	1
UTF	Utførende vannforsynings- og avløpsanlegg	Mjeldstad VVS AS, 998012589	1
UTF	Utføring av sanitærinstallasjon	Mjeldstad VVS AS, 998012589	1

Ettersom tiltaket ikke er å rekne som ei eiga buening, og det ikke er krav til uavhengig kontroll på mindre bygg på inntil 30 m2 BRA, så legg kommunen til grunn at det ikke er krav til uavhengig kontroll av våtrom og lufttettheit for tiltaket jf. TEK §14-2.

3.4 Arbeidstilsynet

Det er innhenta samtykke frå Arbeidstilsynet.

3.5 Plassering

Tiltaket er plassert meir enn 4 meter frå nabogrenser, og det er privat veg eigd av kommunen som går ned til tiltaket. Sidan vegen er privat eigd av kommunen er det ikke rekna som ein kommunal veg, og det er difor ikke naudsynt med dispensasjon frå avstand til veg. Vegen er registrert som privat i vegkart som syner status på alle vegar i landet.

3.6 Stormflo

Det er i Kommuneplanen si føresegn 2.1.8 satt krav til at bygget må plasserast med overkant golv i 1.etasje 2,3 meter over landkartnull. Tiltaket er i tråd med denne føsegna.

3.7 Utvida bruk av kommunal avkøyrsløse

Det er gjeve løyve til utvida bruk av kommunal avkøyrsløse for tiltaket.

Det er òg gjeve privatrettsleg løyve for eigedomen å nytta vegen som er eigd av kommunen som tilkomstveg for tiltaket.

3.8 Vatn og avløp

Det er gjeve løyve til utvida bruk av kommunalt vatn og avløp for tiltaket.

3.9 Andre opplysningar i saka

Det er lagt ved kjøpekontrakt som syner at Søsterselskapet AS har kjøpt Gbnr 169/190 i Fedje kommune.

4. KLAGADGANG

Vedtaket kan påklagast, klagefristen er tre veker frå den dagen underretning om vedtaket kom fram til vedkommande part. Sjå eige vedlegg angående klageadgang.

Med helsing

Merethe Svarstad
Byggesakshandsamar

Tlfnr: 48173241

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Søsterselskapet As	Kopper 13	5947	Fedje
--------------------	-----------	------	-------

Mottakarar:

Samnøy Maskin As	Stormarkvegen 26	5947	Fedje
------------------	------------------	------	-------

Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Fedje kommune	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)
③ Mottakar (namn og adresse)	Dato ④ Klageinstans Statsforvaltar
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk . Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk ④.</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd for fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p>Rett til å krevje grunningjeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunningjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunningjeving for fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunningjevinga.</p> <p>Innhaldet i klaga De må presisere – kva for eit vedtak De klagar på – årsaka til at De klagar – den eller dei endringar De ønskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast.</p> <p>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk . De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk ④) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
Særlege opplysningar	

0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve